

REGLEMENT FOR KVITSEIDHALLEN

1. ANLEGG

- a) Reglementet omfattar følgjande anlegg:
 - Kviteseidhallen

- b) Dei rom som etter nærare avtale kan disponerast av leigetakar er:
 - hallen (kan delast inn i tre like store areal)
 - styrketreningsrom
 - spinningrom
 - materialrom

 - garderobe
 - kjøkken
 - vestibyle

2. UTLEIGE

- a) Teknisk drift har det administrative ansvaret for Kviteseidhallen. Reinhaldsleiar er kontaktperson.

- b) Kviteseid skule disponerer idrettshallen i tidsrommet måndag til fredag 08.00- 14.30 og leigast ut primært måndag til fredag i tidsrommet 14.30- 22.00, samt laurdag og søndag etter nærare avtale. Born t.o.m.16 år vert prioritert før vaksne fram til kl.20.00.

- c) Rektor har ansvar for koordinering av skulens behov for kroppsøvingstimar.

- d) Kviteseid kommune som utleigar tek ikkje betaling frå leigetakar for bruk av Kviteseidhallen.

- e) Brukarar som får tildelt faste tider er idrettslag, institusjonar, organisasjonar og bedrifter. Bruk av hallen til andre føremål enn idrettslege aktivitetar er bare aktuelt etter eigen søknad og vurdering.

- f) Ved godkjente stemne /arrangement må trening vike. Ansvarleg utleigar gjev melding om dette minst ei veke før stemne/ arrangementet.
- g) Dersom tildelt brukstid ikkje skal nyttast må, leigar straks melde frå til utleigar slik at tida kan tildelast andre brukargrupper utfrå innmeldt behov.

3. INSTRUKS FOR LEIGAR

- a) Leigar skal ha ein kontaktperson som er ansvarleg for aktiviteten i hallen. Namnet på vedkomande skal gå fram av søknadsskjemaet og i kontrakten mellom leigar og utleigar. Leigar kan ikkje starte aktiviteten i hallen før komplett leigekontrakt er underskriven av b e partar.
- b) N kkel og n kkelkort blir utlevert til ansvarleg leigar n r kontrakten er underteikna og kvitering for innbetalt depositum p  kr. 200,- til kontonr. 2660.07.00145 er levert.
- c) Ansvarleg leigar skal syte for ro, orden, at ingen uvedkomande har tilgang til utleigd areal og at brukarane innan lag og grupper opptrer i tr d med reglementet.
- d) Ansvarleg leigar skal syte for at leigd lokale er i forskriftsmessig stand, og at l nt materiell er sett p  plass etter bruk.
- e) Ansvarleg leigar har ansvaret for at bygget er l st og at lysa i det leigde lokalet blir sl tt av etter bruk.
- f) Sleping av hardt utstyr p  golv er strengt forbode.
- g) Det skal ikkje spelast nokon form for ballspel andre stader enn i idrettshallen. Ved speling av fotball m  det bare nyttast ball til innand rs bruk.
- h) Det skal bare brukast innesko i hallen. Det er ikkje lov   bruke sko som set merke p  golvet.
- i) Leigar er ansvarleg og erstatningspliktig for skader p  leigd areal og utstyr. **Eventuelle skader skal straks meldast til Kviteseid kommune, teknisk drift, tlf. 35068112**
- j) Personar som ikkje overheld reglementet, viser us meleg  tferd, eller p  annan m te er til sjenanse for personell eller andre brukarar vil bli vist bort. Leigar plikter   melde fr  om feil eller manglar p  utstyr.

4. HANDBALLKLISTER

- a) Det er tillate å bruke handballklister frå seniorklasse og ned t.o.m. 16 års klasse.
- b) Bare PROF CARE- klister og SELECT/HYDRO vassbasert klisterprodukt på boks er lovleg å bruke. Skal anna klister takast i bruk må dette godkjennast.
- c) Klister brukast bare på banen og skal ikkje takast på i garderoben.
- d) Ansvarleg leigar skal fjerne ”klaser” med klister, rett etter kamp og trening.
- e) Ansvarleg leigar plikter å sjå til at laga følgjer regel om klisterbruk. Dersom reglementet ikkje blir halde, skal straffegebyr på kr.1000,-bli pålagt arrangør.

5. ANSVARS- OG SIKKERHEITSFORHOLD

- a) Ansvarleg brukar plikter å kontrollere at utstyr og materiell som skal brukast er i forskriftsmessig stand før det vert teke i bruk. Vedkomande har vidare ansvaret for å sette seg inn i gjeldande sikkerheitsreglar som regulerer den aktiviteten som blir utøvd. Ein skal sjå til at aktivitetane skjer i tråd med desse reglane slik at risiko for skader og ulykker vert minimale.
- b) Leigar er ansvarleg for at aktivitetane skjer på ein trygg og sikker måte. Kviteseid kommune er difor ikkje ansvarleg for skader eller ulykker som skjer på bakgrunn av feil bruk av utstyr, manglande opplæring, dårleg kontroll eller oppsyn med aktivitetane.
- c) Kviteseid kommune er ikkje økonomisk ansvarleg for tjuveri, skader på utstyr, personlege effektar og verdisaker som utøvar har med seg.
- d) Eventuelle attglyymt utstyr/klede vil bli teke vare på av vaktmeister/ reinhaldspersonale fram til slutten av skuleåret. Det som ikkje er henta innan då, vil bli fjerna.
- e) All trenings- og utleigeverksemd skal vera organiserte i grupper på minst to personar med ein ansvarleg leiar (lærer, instruktør, trenar o.l.).
- f) Ansvarleg leiar skal vera på plass i god tid før gruppa byrjar, ha full kontroll med aktiviteten og sjå til at sikkerheitsreglane vert følgd av gruppa.
- g) Ingen har tilgang til styrkerommet utan tilsyn av lærar eller ansvarleg instruktør. **Born under 16 år, har ikkje tilgang.**

- h) Leigetakar skal alltid ha tilstades ein person med kunnskap om førstehjelp. Ansvarleg leigar har ansvaret for at nødvendig førstehjelpsutstyr er på plass.

- i) Det er utarbeida eigen branninstruks for brukarane av Kviteseidhallen (vedlagt). Det er ansvarleg leigetakar si oppgåve å formidle denne informasjonen til brukargruppa.